



Jobbnorge-ID: 144369

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Kommunikasjonsrådgjevar (seniorrådgjevar) Kommunikasjonsseksjonen - NFD 25/17

Som kommunikasjonsrådgjevar i Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) har du ein av landets morosamaste kommunikasjonsjobbar. Du informerer og bidreg til debatt om nokre av dei mest sentrale politikkområda i Noreg. Kommunikasjonsseksjonen i NFD har åtte medarbeidarar og er ein sprudlande stabsfunksjon som ligg under departementsråden.

Tiltreding så raskt som mogeleg etter avtale.

Arbeidsoppgåver

- * Pressekontakt og medierådgjeving.
- * Utarbeide kommunikasjonsstrategiar for arrangement og satsingsområde.
- * En del reising i Noreg der du bidreg til at departementet sine satsingsområde blir synlege i media.
- * Du må rekne med å inngå i ei ordning med presseberedskapsvakter utanfor arbeidstid (kompensert).

Personlege eigenskapar

- * Svært fleksibel og arbeidsvillig, også utanfor «ordinær» arbeidstid, mellom anna delta i presseklippordning.
- * Nytenkande, kreativ og initiativrik.
- * God vurderingsevne og evne til å handle raskt.
- * Sjølvstendig, men spelar også på lag.
- * Omgjengeleg med gode samarbeidsevner og mykje humor.

Kvalifikasjonar

- * Må ha relevant høgare utdanning, helst medie- og/eller kommunikasjonsfagleg.
- * Må skrive og snakke svært klarspråkleg norsk.
- * Må ha brei relevant kompetanse og arbeidserfaring med dokumenterte resultat.
- * Må forstå godt samspelet mellom politikk, embetsverk og media
- * Må ha svært god teknisk forståing og kunne bruke duppedingsar i fart.
- * Må vere sikkerheitsklarert for «hemmeleg» eller kunne klarerast.
- * Bør ha erfaring som nyhendejournalist og/eller kommunikasjonsrådgjevar og pressekontakt.
- * Kjennskap til norsk næringsliv er ein fordel.

Vi tilbyr

- * Lønsspenn: kr 517 700 - 650 200 (ltr. 60-72 / kode 1448 seniorrådgjevar).
- * Ein hektisk og spanande kvardag.
- * Godt høve til kreativt og sjølvstendig arbeid.
- * Fleksibel arbeidstid og betalt overtid.
- * Eit svært godt arbeidsmiljø, vi har det gøy på jobb.
- * Kreativt kontorlandskap i nye lokale med eigen hengekøye og maskin som lager puffa mais (popkorn).

For meir informasjon om stillinga, kontakt kommunikasjonssjef Trond Viken, e-post tvi@nfd.dep.no eller mobil 992 18 303.

Søknadsfrist 23. november

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: